

Via Ferrata-dialog i Jølster

Jølster kommune og turistnæringa inviterte til eit møte måndag 21. september om luftige planar for eit mogleg via ferrata- anlegg inst i Kjosnesfjorden ved Lundeskaret. Overraskande at over 40 kom til møtet med stort engasjement, god kunnskap og kjennskap til området.

Sogn har landets største konsentrasjon av tindevegleiarar, bre- og fjellførarar og eit både stort og aktiv miljø innan klatring og friluftsliv. Naturen i fylket er i verdensklasse, og både friluftsfolk, reiselivsnæringa og næringslivet elles ønskjer å nytte desse kvalitetane.

Via ferrata er ein jarnveg i fjell som opphavelig kjem frå alpane. Oppsette under krigen for å forflytte troppar på uventa stader så dei kunne overrumpla og utsletta fienden. Teknisk er det wire bolta fast i fjellet og stegjarnsboltar, trinn og stigar som ein del av infrastrukturen. Etter krigen vart desse anlegga nytta av turistar og andre til enklare fjellklatring med ferdig sikring og tilrettelegging i alpint terreng. Nye anlegg kom også til og populariteten auka, til den etterkvart fall. No vert mange av desse anlegga lagt ned og helst fjerna, forfallen og dårleg sikring er ikkje lenger trygg sikring.

I Norge har via ferrata ingen tradisjon. Vi har hatt patentførarar og fjellførarar som har ført folk over brear og fjellpass. Framleis har vi det, og den er viktig! Å leie eller føre mang slags folk både opp og ned i krevjande (bratt og rasfarleg), alpint terreng er ikkje noko enkel øving om det skal skje trygt og triveleg!

Allemannsretten gjeld i utmarka i Norge, slike anlegg vert opne i terrenget og kan nyttast av alle, anten aleine med enkelt utstyr eller med guide. Nokre stadar er det allereie gode og etablerte klatreruter, vandre- eller ferdselsruter i fjella og då kjem nye jarnvegar i konflikt med desse. I tillegg kjem spørsmåla om korleis vi kan og bør nytte naturen vår. Kvar og korleis ferdsel kan skje trygt og skånsamt over tid.

Dialogen som oppstod på møtet vart konstruktiv og god, den skapte optimisme. Det treng vi alle! Så: Korleis sikre at det vert god dialog og utvikling i både denne og andre liknande saker framover?

Tiltak etter plan og bygningslova (PBL).

Til no er det ikkje krav om at eit via ferrata-anlegg er tiltak som skal behandlast etter plan- og bygningslova. Anlegga kan ha ulik storleik og lengde, graden av inngrep, tilrettelegging og ekstra installasjonar vil variere. Heilt sikkert er det at dette er tiltak der både plassering og sikkerheit må vurderast særst nøye.

Vi takkar Jølster kommune for starten på ein god dialog og fylkeskommunen for tydeleg oppmoding om at via ferrata-tiltak bør handsamast etter plan- og bygningslova. Det støttar vi fullt ut! Det vil vere med å sikre ikkje berre god dialog og medverknad, men også konsekvensutgreiing og ROS, ras- og sikkerheitsanalyse. Det vil vere både ein trygg og sikker veg å gå for planlegging av tiltak med så store fallhøgder, bokstaveleg talt!

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane
Elisabeth Dahle, fylkeskoordinator

Sogn og Fjordane Turlag
Marino Ask, leiar

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Erik Solheim, rådgjevar